



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Lovlegkontroll sak KST-020/26: Innbyggjarinitiativ om vindkraft

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret sitt vedtak den 18.06.2026, sak KST-020/26, Innbyggjarinitiativ om vindkraft, er lovleg og skal oppretthaldast.

Vedtaket har eit lovleg innhald, er fatta av kommunestyret som rett mynde og er elles blitt til på ein lovleg måte.
2. Saka vert send til Statsforvaltaren for endeleg lovlegkontroll

Bakgrunn for saka:

Jørund Nygård, Linda Leirvik, Oddgeir Sande og Malin Beate Svarstad leverte den 26.02.2026 innbyggjarinitiativ til Bremanger kommune.

Innbyggjarinitiativet gjeld ei rådgjevande folkeavrøysting om det kan opnast for meir vindkraft i Bremanger kommune.

Innbyggjarinitiativet vart handsama av kommunestyret den 18.06.2026, sak 20/26. Det vart gjort slikt vedtak med 16 mot 7 røyster:

1. *Kommunestyret tek innbyggjarinitiativet til vitande.*
2. *Kommunestyret vedtek at innbyggjarinitiativet inngår som innspel i dei pågåande plansakene etter plan og bygningslova: Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og områderegulering Myklebustfjellet og Ramskredfjellet vindkraftverk.*
3. *Innbyggjarinitiativet blir behandla vidare innanfor rammene av dei ordinære planprosessane, herunder offentleg ettersyn, politisk handsaming og endeleg vedtak.*
4. *Initiativtakarane vert orientert om vedtaket og om vidare handsaming.*

Den 09.07.2026 mottok kommunen krav om lovlegkontroll av vedtaket etter kommunelova § 27-1 frå tre av kommunestyremedlemmane (Leo Husabø holm Cirotzki (SV), Nils Jørgen Sagebø (AP) og Kjell Sørland (VIP):

Kravet gjeld sak 020/26 «Innbyggjarinitiativ om vindkraft» som vart handsama i kommunestyret i Bremanger den 18.06.2027. Ein krev lovlegheitskontroll og oppheving av vedtaket – og deretter ny handsaming.

Grunngjevinga for kravet om lovlegkontroll:

Grunnlag for at ein ber om lovlegheitskontroll:

Saka det gjeld var eit innbyggjarinitiativ. Men berre administrasjonen sitt framlegg til vedtak (å avvise initiativet) vart lagt fram til handsaming i kommunestyret. Sjølve innbyggjarinitiativet, innhaldet i dette, samt alle underskriftene, vart aldri lagt fram til handsaming, og var korkje tilgjengeleg for offentlegheita eller representantane i kommunestyret i forkant eller undervegs i møtet.

Kommuneadministrasjonen sitt eige framlegg til vedtak konkluderte med at initiativet møtte alle krav til behandling. I kommunelova § 12-1 heiter det at kommunestyret skal ta stilling til framlegget (*innbyggjarinitiativet*). Dette må forståast som at sjølve framlegget som innbyggjarane har signert på og kravd handsama, faktisk må leggjast fram. At innhaldet vert selektivt drøfta i eit framlegg frå kommuneadministrasjonen som føreslår å avvise initiativet, held ikkje.

Det framgår tydeleg i kommunelova § 11-3 at dokumenta i saka skal sendast ut til kommunestyret i god tid og at desse òg skal vere tilgjengelege for allmennheita.

Handsaminga i kommunestyret i Bremanger den 18.06.2026 var soleis ikkje ei reell handsaming, og ein krev difor lovlegheitskontroll og oppheving av vedtaket.

I vedlegg til kravet om lovlegkontroll er det m.a. kopi av skjermbilete teke under møtet av ein av dei som står bak kravet om lovlegkontroll. Skjermbilete syner at lenka til innbyggjarinitiativet i saksdokumentet ikkje fungerte. Det vert og hevda i at denne lenka heller ikkje verka i forkant av i møtet.

- **E-post frå Jørund Nygård 12.06.2026**
- skann_38joetom_2026-07-31-09-01-43**
- **Krav om lovlegkontroll av KS sak 020/26 "Innbyggjarinitativ om vindkraft"**
- **Innbyggjar initativ om vindkraft. Signert**
- **Innbyggjarinitativ om vindkraft**
- **Innbyggjarinitativ om vindkraft - kommunestyret sitt vedtak**
- **Innbyggjarinitativ om vindkraft til kommunestyret i Bremanger**
- **Innbyggjarinitativ Bremanger**

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

- Kommuneleova
- Forskrift av 30.06.2019 nr. 1096, punkt IX
- Forvaltningslova

Saksopplysningar:

Etter kommunelova § 27-1, nr.1 kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe ei avgjerd fatta av eit folkevald organ inn for departementet for kontroll av om avgjerda er lovleg. Eit slikt krav må fremjast innan tre veker frå vedtaket vart fatta, og kravet skal fremjast for det organet som fatta vedtaket.

Dersom vedtaket vert oppretthalde skal saka sendast til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd. Lovlegkontroll etter kommunelova § 27-1 inneber ei prøving av om vedtaket er lovleg. Dette inneber etter § 27-3, første ledd, ein kontroll av om vedtaket:

a. Har eit lovleg innhald

Dvs. om vedtaket har tilstrekkeleg lovheimel og ikkje strir mot lovgjeving eller andre rettsreglar, byggjer på ei riktig lovtolkning eller om den kan vere utslag av misbruk av mynde (materiell kompetanse)

b. Er fatta av noen som har mynde til å treffe slikt vedtak (personell kompetanse)

c. Har blitt til på lovleg måte (prosessuell kompetanse)

Dvs. om sakshandsamingsreglane er følgd og om avgjerda byggjer på eit korrekt og fullstendig faktum.

Ut frå ordlyden i kommunelova så «kan» lovlegkontrollen omfatte dei nemnde forholda, men det er ikkje naudsynt å føreta ein lovlegkontroll av alle forholda.

Lovlegkontroll skil seg frå ordinær klagebehandling ved at Statsforvaltaren ved lovlegkontroll som hovudregel ikkje har mynde til å overprøve kommunen sitt frie skjønn. Høvet til overprøving ved lovlegkontroll svarar i hovudsak til domstolane sin kontroll med forvaltningsvedtak, jf. rundskriv H-2299, pkt. 6.2.4.

Finn Statsforvaltaren at kommunen si avgjerd er ugyldig, kan Statsforvaltaren ikkje sjølv fatte nytt og korrekt vedtak, men kan oppheve kommunen si avgjerd, jf. kommunelova § 27-3, fjerde ledd. Det kommunale sjølvstyret står sterkt, slik at Statsforvaltaren ved ein lovlegkontroll ikkje skal meine noko om avgjerda var føremålstenleg eller liknande. Statsforvaltare skal kun ta stilling til om avgjerda er lovleg etter gjeldande regelverk.

Om vilkåra for lovlegkontroll er oppfylte

Kravet om lovlegkontroll er signert av tre kommunestyrerepresentantar. Dette er Leo Husabø holm Cirotzki (SV), Nils Jørgen Sagebø (AP) og Kjell Sørland (VIP).

Vilkåret om at det må stå minimum tre representantar bak kravet er dermed oppfylt.

Kravet om lovlegkontroll vart motteke av kommunen 9. juli 2026, 21 dagar etter kommunestyret sitt vedtak. Kravet er dermed fremma innanfor fristen på tre veker som er fastsett i kommunelova. Dette vilkåret er såleis oppfylt.

Vidare er spørsmålet om saka gjeld eit endeleg vedtak. Vedtaket som kravet om lovlegkontroll gjeld, er endeleg behandling av innbyggjarinitiativet er fatta av kommunestyret, jf. kommunelova § 12-1. Vedtaket er endeleg, og vilkåret er oppfylt.

Alle vilkåra for ein lovlegkontroll er såleis oppfylte.

Vurdering:

Grunnlaget for kravet om lovlegkontroll er mangel på tilgang til innbyggjarinitiativet med underskriftslistene under sakshandsaminga. M.a.o. gjeld spørsmålet om vedtaket har blitt til på lovleg måte, dvs. om sakshandsamingsreglane er følgd og om avgjerda byggjer på eit korrekt og fullstendig faktum, jf. pkt c. ovanfor. Dette omfattar alle reglar for sakshandsaming som går fram av kommunelova, forvaltningslova og eventuelle saksbehandlingsreglar i særlovgevinga. I tillegg må ulovfesta prinsipp for god forvaltningsskikk være følgd. Alle vedtak skal byggje på eit korrekt og fullstendig faktum, og det skal ikkje vere tatt utanforliggjande omsyn. Ei avgjerd skal dessutan ha eit lovleg føremål.

Etter forvaltningslova § 17 første ledd, første punktum skal forvaltningsorganet syte for at saka er *så godt opplyst som mogleg* før vedtaket vert fatta. Forvaltningslova § 17 gjeld direkte saksførebuing av enkeltvedtak. Det inneber at forvaltninga skal treffe sine vedtak etter ei forsvarleg sakshandsaming og at kommunestyre ikkje skal treffe vedtak i ei sak før den er tilstrekkeleg utgreidd. Prinsippet ligg til grunn for føreseigna i kommunelova § 13-1, der det går fram at kommunedirektøren har eit sjølvstendig ansvar for at saker som blir lagt fram for kommunestyret nettopp forsvarleg utgreia.

Kva som er godt nok i vil det i første hand vere opp til forvaltningsorganet (kommunestyret i denne saka) å ta stilling til. Kommunestyret har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere om ei sak er forsvarleg utgreidd. Og etter kommunelova § 11-3 fjerde ledd kan kommunestyret, med alminneleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak. Dette gjeld sjølv om saka står på saklista og om kommunedirektøren har vurdert saka som tilstrekkeleg utgreidd. Dersom det i ettertid viser seg at det er vesentlege feil eller manglar i grunnlaget for en avgjerd, vil det likevel kunne medføre at denne må sjåast på som ugyldig, med den konsekvens at saken må behandlast på nytt og nytt vedtak fattast. Dette føreset at det er grunn til å rekne med at denne feilen kan ha hatt betydning for kva vedtak som vart fatta. Det er eit faktum, som det vert hevda, at lenka til innbyggjarinitiativet med vedlegg ikkje fungerte som føresett. Dette skuldast ein feil av sakshandsamar (kommunedirektøren) i samband med utforming av saksdokumentet. Spørsmålet er då om denne feilen gjev grunn til å rekne med at vedtaket i kommunestyret hadde blitt annleis dersom lenka hadde fungert. Følgjande moment meiner kommunedirektøren er med å underbyggje at dette **ikkje** er tilfelle:

- a) Innbyggjarinitiativet med vedlegg var distribuert på e-post til alle KST-medlemene og varamedlemer frå Jørund Nygård (Medlem i Myklebustfjellets venner) den 12. juni 2026.
- b) Dei som står bak kravet om lovlegkontroll var tydeleg kjend med feilen utan at dette vart meldt, korkje i forkant av eller under handsaminga av saka i møtet.
- c) Representanten som tok skjermbiletet under møtet gjorde framlegg om eit alternativ vedtak i møtet: *Kommunestyret seier ja til ei rådgjevande folkeavrøysting om vindkraft*. Alle dei tre som står bak kravet om lovlegkontroll røysta for dette framlegget.
- d) Ein av dei som står bak kravet om lovlegkontroll ba om gruppeleiar møte under handsaming av saka. Samtlege som står bak kravet om lovlegkontroll deltok i gruppeleiar møtet, utan at feilen som er påpeika var tema.

Samla sett tyder ovanståande på at kommunestyremedlemene i møtet oppfatta saka som tilstrekkeleg opplyst. Kommunedirektøren meiner feilen ikkje gjev grunn til å frykte å ha avgjerande betydning for kommunestyret sitt vedtak.

Kommunedirektøren meiner såleis at kommunestyret sitt vedtak i sak 20/2026 har eit lovleg innhald, er fatta av kommunestyret som rett mynde og er elles blitt til på ein lovleg måte. Kommunestyret sitt vedtak i saka den 18.06.2026 må såleis oppretthaldast.

Økonomiske konsekvensar av framlegg til vedtak:

Ikkje relevant i saka.